

Publikum hyllar mannssongarane:

# – Me er veldig imponerte over det dei får til

**Egersunds Mandssangforening jubilerer og publikum er fulle av lovord.**

**Merete Horpestad**  
merete.horpestad@dalane-tidende.no

Egersunds Mandssangforening markerte denne helga 125-årsjubileet sitt med to jubileumskonserter i Sangerlosjen. Frå publikum mottar dei anerkjening og ros.

– Me er veldig imponerte over det dei får til, seier Brit Sofie Dybing Mong.

Ho har vore på mange gode arrangement i Sangerlosjen, fortel ho. Og ho likte spesielt godt oppsettinga der mannssongarane tok føre seg den svenske dikteren Carl Michael Bellman.

– Dei er folkelege, dei byr på seg sjølv og dei lagar god stemning på 17. mai, samanfattar ho.

– Og så er dei godt organiserte, supplerer Anne G. Nilsen.

## Fine ambassadørar

Jan Tore Paulsen var på konserten på laurdag saman med ein vennegjeng. Han seier det slik:

– Tar du mannssongarane vekk frå 17. mai-toget, kva har du igjen då? Og kva hadde Julebyen vore utan munkane?

Elisabeth Melbø i same vennegjengen kjem med denne hyllesten:

– Dei er fine ambassadørar for byen.

Saman med mannen sin har Elisabeth vore på Oktoberfest fleire gonger. Ho fortel at mannen hennar er ein av dei som er tidleg oppe og raskt på pletten når billettane blir lagde ut.

– Det er kjekt å vera med på ulike arrangement her i byen, seier ho, og legg til at ho er godt fornøgd med det varierte kulturtilbodet i Egersund.

## Munkar og tjukke pølser

Ho trekkjer fram Julebyen òg.

– Me må til Egersund for å høyra på munkane, eta tjukke pølser og risengraut, samanfattar ho.

Jane Paulsen formulerer hyllesten sin til mannssongarane slik:

– Dei er med på alt som skjer og lagar liv og røre.

Anne Brit Hovland nemner spesielt julekonsertane til koret. Ho har gode barndomsminne frå julekonsertar med mannssongarane, og ho set ennå stor pris på desse konsertane. Når ho får høyra favorittane sine, får ho frysningar, fortel ho.



**SANGERLOSJEN:** Jubileumskonserterne blei haldne i Sangerlosjen.

FOTO: MERETE HORPESTAD



**IMPONERTE:** Anne G. Nilsen (t.v.) og Brit Sofie Dybing Mong er imponerte over alt mannssongarane får til.

FOTO: MERETE HORPESTAD



**SPESIELL OPPLEVING:** Ekteparet Margunn Bø og Stig Johansen har vore på konsertar med Egersunds Mandssangforening fleire gonger etter at koret song i for dei bryllaupet deira.

FOTO: MERETE HORPESTAD



**TRENGST:** Kva hadde Julebyen vore utan munkane, spør Jan Tore Paulsen (t.v.)

FOTO: MERETE HORPESTAD

## Flotte julekonsertar

Margunn Bø og Stig Johansen bur på Nærbø, men har feriehus i Egersund. Paret gifta seg i Egersund kirke og hadde festen

på Grand Hotell, og då song Egersunds Mandssangforening for dei.

– Det var veldig spesielt, fortel Margunn.



**VENNEGJENG:** Marianne Håland (f.v.), Jane Paulsen, Elisabeth Melbø og Anne Brit Hovland var på jubileumskonserterne på laurdagen. Karane i vennegjengen på sju sat bak.

FOTO: MERETE HORPESTAD

Paret har vore og høyrt på koret fleire gonger etter at dei gifta seg. Margunn skildrar det å høyra på Egersunds Mands-

sangforening på denne måten: – Heilt fantastisk!